



Hjelmås Vvs AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2761 - 19/25550

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
09.12.2019

## Godkjenning - tilkobling av bustad til kommunalt vatn- GBNR 10/42 Holme

**Administrativt vedtak. Saknr: 301/2019**

### **Saksutgreiing:**

Vi syner til søknad motteke 02.12.2019

#### Tiltak:

Ansvarleg søker Hjelmås VVS AS har på vegne av tiltakshavar Rune Kristoffersen søkt om løyve til tilkopling til kommunalt vassverk og til plassering av vassleidning til einbustad på Gbnr 10/42.

Løyve til oppføring av einbustad er gjeve 20.12.18 i sak DS 343/2018. Utsleppsløyve via slamavskiljar til sjøen for bustad er gjeve den 24.08.17 i delegert sak 229/2017.

Vi viser til søknad med vedlegg journalført 05.12.2019.

#### Vassforsyning:

Kommunen har opplyst i tidlegare byggjeløyve at det har starta eit V/A-prosjekt på Holme i kommunal regi, som innan en periode på 1-3 år vil etablere kommunalt vass- og avlaupsanlegg i området. Gbnr 10/42 vil måtte pårekna å kople seg til slikt anlegg.

Det vart gjennom tidlegare søknaden opplyst at gbnr 10/42 skal ha vassforsyning gjennom eigen brønn fram til kommunalt leidningsnett er på plass. No er det søkt om tilkopling til kommunalt vatn.

### **VURDERING**

#### Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla. Dei av nabo som vert råka av tiltaket har signert avtale i samband med søknaden med løyve til å leggje vassleidningar over sin grunn på gbnr 10/31 og gbnr 10/81, og er såleis

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

kjent med tiltaket. Kommunen vurderer det slik at øvrige naboar i lita grad vert berørte i dette tilfellet. Vi krev difor ikkje ytterlegare nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vassleidningar er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På bakgrunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidningane er omsøkt plassert på areal på gbnr 10/42, gbnr 10/31 og gbnr 10/81 som gjennom *Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen* (arealplanid 125619940907) er regulert til byggeområde for hytter/bustader (H/B2).

Av føresegn 1 til reguleringsplanen følgjer det krav om «*utbyggjingsplan for området som syner felles tilkomster, parkeringstilhøve og felles leikeareal*». Tiltak – legging av vassleidningar på eigedomen - krev ikkje dispensasjon frå plankravet.

#### Privat rett til framføring og tilkopling av vass- og avlaupsleidning:

Det følgjer av pbl § 27-1 at «*[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.*» Det same gjeld for plassering av avlaupsleidning, samt tilkopling til felles ledningsnett, etter pbl § 27-2.

Tiltakshavar har fått løyve til graving og plassering av vassleidning på gbnr 10/31 og 10/81 ved avtale datert 10.12.18.

På bakgrunn av det ovannemnde finn administrasjonen at gbnr. 10/42 har sikra rett til framføring av vassleidning, i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

Tilkopling skal skje som vist på situasjonsplan innsendt av hjelmås VVS AS, journalført 05.12.2019.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 05.12.2019. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til plassering av vassleidning som omsøkt på gbnr. 10/42, gbnr 10/31 og gbnr 10/81. Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan og terrenget skal tilbakeførast og såast i.*

*Søknad om løyve til tilkopling vert vurdert i same sak nedanfor.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i*

eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

Meland kommune godkjenner at eigedomen vert knytt til kommunalt vassanlegg på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn, jf. kommuneforlaget.
- Tilknyting skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført. Det skal takast kontakt med Drift avd. før tilkoplinga skal skje.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- + mva (totalt kr25 000,-).»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om tilkobling av vann for 10/42 - Holmeknappen 37

**Kopi til:**

Rune Kristoffersen	Holmemarka 31	5918	FREKHAUG
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Hjelmås Vvs AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG